
Fra: Rune Heradstveit <Rune.Heradstveit@nordhordland.net>
Sendt: fredag 31. januar 2020 16.57
Til: Postmottak Finansdepartementet
Kopi: 'postmottak@kmd.dep.no'; 'post@nonl.no'; Post Austrheim; Post Masfjorden kommune; Post Osterøy; Postmottak Alver; Postmottak Fedje; Postmottak Gulen kommune; Postmottak Modalen
Emne: Fråsegn - NOU 2019: «Skattlegging av havbruk»
Vedlegg: Fråsegn NOU 2019 - Skattlegging av havbruk» - RRN og NONL.pdf

Regionrådet i Nordhordland og Nordhordland Næringslag viser til høyringsbrev om NOU 2019: «Skattlegging av havbruk» datert 04.11.2019.

Vedlagt fylgjer fråsegn som Regionrådet i Nordhordland og Nordhordland Næringslag står samla bak.

Med venleg helsing

Rune Heradstveit | Dagleg leiar | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Region Nordhordland
Tlf. +47 56 37 58 87 | Mobil +47 90 75 34 59 | www.regionnordhordland.no

Finansdepartementet
postmottak@fin.dep.no

Knarvik, 31. januar 2020

Fråsegn - NOU 2019: «Skattlegging av havbruk»

Regionrådet i Nordhordland og Nordhordland Næringslag viser til høringsbrev om NOU 2019: «Skattlegging av havbruk» datert 04.11.2019.

Regionrådet i Nordhordland består av medlemskommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Nordhordland Næringslag har nedslagsområde i dei same kommunane, og har 370 medlemsverksemder.

Regionrådet og næringslaget har følgjande merknader til utvalet sine framlegg:

- Havbruksnæringa i regionen er blant dei største i landet. Regionrådet og næringslaget ønskjer at medlemskommunane som aktivt legg til rette for havbruksnæringa skal få gode vilkår for vekst og utvikling i regionen. Regionrådet og næringslaget kan ikkje akseptera at kommunane sine inntekter frå havbruksnæringa blir overtatt av staten. Dersom nasjonale mål om vekst i havbruksnæringane skal bli oppnådd, må kommunane ha føreseielege inntekter frå oppdrettsnæringa som fremjar lokal verdiskaping og berekraftig vekst.
- Oppdrettsnæringa er lokalisert i distriktskommunar med store areal og ofte låg folketettleik, og med utfordrande infrastruktur. Berekraftig utvikling av norsk sjømatproduksjon er avhengig av god samhandling mellom vertskapskommunane og havbruksnæringane. Næringa er heilt avhengig av at ein utviklar god infrastruktur og gode offentlege tenestetilbod også i slike kommunar. Derfor er det viktig at hovudtyngda av skatteinntektene går nettopp til desse kommunane slik at kommunane har motivasjon og incitament for å jobba tett med bransjen. For staten vil dette vera til stor nytte som bidrag til å oppfylle nasjonale målsetjingar om berekraftig vekst i oppdrettsnæringa, og levende lokalsamfunn. Ei omfordeling av skatteinntektene vil forsterka sentraliseringa av tenester og kapital vekk i frå distriktskommunane langs kysten. Dette vil forsterka trenden om at vekst i folketalet skjer i sentrale strøk rundt Oslo. Oslo og Akershus hadde 55 % av auken i folketalet i landet i dei ni første månadane i 2019.
- Regionrådet og næringslaget meiner derfor at inntektene frå skattlegging av oppdrettsnæringa primært må koma vertskommunane til gode. Det er i desse kommunane areal vert bandlagt, og det er her havbruksnæringa konkurrerer med andre interesser om fellesarealet på sjøen. Her kan det også leggst til rette for ny vekst i næringa. Overføring av inntektene til andre kommunar vil ikkje kompensera for særskilte ulemper, eller stimulera til samarbeid om tilrettelegging for innovativ og berekraftig vekst.

- Regionrådet og næringslaget meiner det ikkje bør innførast grunnrenteskatt for havbruksnæringa, og at dagens modell for innhenting av grunnrente gjennom auksjonar av ny produksjonskapasitet bør vidareførast. Gjennom denne ordninga med nye konsesjonar, sikrar ein at næringa sine skatteutgifter (prisen på konsesjonane) reflekterer den internasjonale lakseprisen. Med ei mindre produksjonsavgift i tillegg, kan ein sikra føreseielege inntekter som alle vertskommunane kan nytta til infrastruktur, tenestetilbod og samarbeid med næringa om innovativ og berekraftig vekst. Vidareføring av eigedomsskatten vil ha same geografiske målretta effekt.

Konklusjon

For å sikra eit best mogeleg samarbeid mellom vertskommunane og havbruksselskapa om innovasjon og berekraft for vår viktigaste vekstnæring i åra som kjem, er Regionrådet i Nordhordland og Nordhordland Næringslag tydeleg på at «Havbruksskatteutvalet» sitt mindretalsframlegg må leggjast til grunn for framtidig skattlegging av havbruksnæringa.

Med venleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Baste Tveito
Dagleg leiar
Nordhordland Næringslag

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland
Kommunal- og moderniseringsdepartementet